



Vinje-senteret

Indre «korrespondance»



Benedicte Maurseth

© 2018 Benedicte Maurseth og Nynorsk kutursentrum

Framsida

Benedicte Maurseth. Foto: Anders Bergersen

Publisert etter avtale med forfattere på Vinjesenteret.no 4. juni 2018

Christiania, 15. januar 1849

«SI' DET GANGE GALE, só blei det fór stort ansvar på ókkón!»

Aasmund høyer orda koma høgt or munnen sin. Det går nok gale, det må det gjera, tenkjer han. Det kan ikkje anna gjera når Torgeir Augundson går ut på podiet der no i kveld, i sjølvaste Logen, framføre Christiania-fiffen med fjær og blonder og høge hattar. Kva veit vel dei om våre fedrelandstonar? Kva veit dei om tonane frå vår eiga mold, frå berg og rennande vatn? Nei, korleis vil det ikkje gå med denne fattige og besynderlege, tenkjer Aasmund. Han er jo oppdregen nesten som ein villmann, og har såleis tileigna seg denne naturrøysta som så uhøyrte tonar frå hans strenger. Ingen vågar liksom vedgå å kjenna han, berre fjellfolket og Ole Bull er bortførte av han. Eg sa det med dei, tenkjer Aasmund. Eg sa det med dei eg held meg heime. Eg vil ikkje gå. Eg kan ikkje gå. Aslak Vinje baud meg ein fribillett, men eg takka nei. Eg ville ikkje sitja der saman med alle dei andre og berre sjå og sjå kor gale det truleg vil gå. Det vert for mykje å bera, ja, på ókkón. Eg, som er att her i hovudstaden. Som må stå og stå i det, andlet til andlet med alle desse etterpå. Stå oppreist overfor vår eigen naturkunst som dei ikkje vil skjøna noko av likevel. Byfolk som

ikkje har høyrte noko anna enn kunstig musikk frå dei var born. Ja desse Christianiensere. Kva veit no vel dei kva for eit geni dei har framføre seg der i kveld, kva for naturgudegåve Myllarguten er. Dei er for kalde, matematiske, flanerte og blaserte, eg veit det nok. Men Ole Bull reddar Torgeir i land, ja, han gjer nok det. Ole Bull står der i kveld og peikar for dei med fjær og høge hattar kva dei skal tenkja, meina og seia. Han syner dei det dei ikkje veit, det dei ikkje vil vita. Syner dei at poesi lausrive frå det nasjonale er som ein plante utan jord! Men eg kunne likevel ikkje gå, tenkjer Aasmund. Eg kunne berre ikkje sitja der i salen og sjå kor gale det truleg vil gå.

Myllarguten sit og ser eit hav av menneske framføre seg som han aldri har sett nokon gong før. Varmen slår mot han, rommet kjennest nesten som små elektriske støyt. Torgeir snur seg og ser Ole Bull stå der på sida av scenekanten, bak det tunge sceneteppet. Han står der med opne auge, med fiolinen og den lange bogen sin i hendene og nikkar varleg eit nikk som seier, stå i det no, Myllarguten! Torgeir tek opp fela og legg den inntil bringa, han legg bogen på strengene, og han ser at bogen rører seg, og fingrane rører seg, og han høyrer føtene sine trampa og merkar at heile han rører seg, og hovudet kastar seg frå side til side, og han ser seg sjølv forsvinna inn i spelet. I salen sit dei og ser og ser han forsvinna. Dei ropar og klappar og hoiar vilt mellom slåttane, men Myllarguten høyrer det ikkje, ensar det ikkje. Han ser seg sjølv spela medan Johan Welhaven diktar «Møllergutten sad, som naar man stirrer Overbøiet

paa et Elvdybs Pragt, og som Broen, hvor man dvæler, dirrer, saadan rysted Sædet ved hans Takt». Medan Andreas Munch noterer «i sig selv sammenkrøbne, ligesom i en Puppe indhyllede Fjeldspillemand». Torgeir er her og han er her ikkje, medan han spelar og spelar, bogar og trampar. Han veit kven han er. Lært av berre dei beste heime i Telemark. Han veit kva som bur i han, og stundom kjem fram og forvandlar han. Ja, kva for ein felemagikar berre han og ingen andre er. Ikkje ein gong Ole Bull. Dette veit han. Han skal visa dei, og ser bogen sin stogga og jubelbrus frå salen bryt gjennom. Og Aasmund tenkjer: Vil dei kunne høyra at hans spel inneheld noko uendeleg vemodig? At det ligg noko rørande i den tilsynelatande einsformigheit? Nei, det vil dei nok ikkje. Eg er glad eg heldt meg heime.

Kjelder

A.O. Vinjes skrifter i Utval, 1, Kristiania 1882, *Bokhylla.no*

A.O. Vinjes skrifter i Utval, 4, Kristiania 1887, *Bokhylla.no*

Aasmund Olavsson Vinje: *Korrespondentbrev til Drammens Tidende 1851–1859*. Ved Nina Marie Evensen og Jon Haarberg, Oslo 2018, *Bokselskap.no* – [Litteratur- og kunstkritikk; Myllarguten]» 23.2.1851, «[Myllarguten og folkemusikken]» 9.3.1851, «[Ole Bull og Myllarguten] 28.9.1858»

Berge, Rikard: *Myllarguten – Gibøen*, Oslo 1908 og 1972

Grepstad, Ottar: *Vinje-bibliografien. Skrifter av og om Aasmund Olavsson Vinje 1843–2016*, Ørsta 2017

Skanche-Knutsen, Arvid: «Welhaven om Myllaren», 2010, *Folkemusikk.cuastompublish.com*

«Torgeir Augundsson (Myllarguten)», *Lokalhistoriewiki.no*